

Sendt: 29. januar 2009 10:51
Til: Løvaas Elisabeth
Emne: Tidsbruk i skulen

Skulekvardagen er og skal vera travel. Likevel er det eit mål slik eg ser det, at for lærarane skal den vera travel i høve direkte arbeid med elevane. Mange klager på at det går for mykje tid til oppgåver dei ikkje alltid ser nytten av. Døme på slike oppgåver er skriving av rapportar til ulike sakkunnige instansar, svara på ulike undersøkingar frå overordna nivå i vid forstand, møter 1. og 2. linetenesta, arbeid med ulike kampanjar (skulen skal jo ordna opp i det meste) som blir sett i verk av overordna nivå, kursverksemd og etterutdanning på heile eller halve skuledagar og som bryt opp undervisning. Det er sikkert mange andre døme.

Slik eg ser det er det berre ein veg å gå for å få betre rammer for lærarane. Eg vil her peika på 4 viktige tiltak i høve arbeidstid:

1. **Redusera leseplikta** og helst avvikla denne ordninga. Innføra ordinær arbeidstid 08.00 - 16.00 kvar dag. All møteverksemd kan då flyttast til tida etter kl.14.

2. **Innføra ei ekstra arbeidsveke**, 40.veka. Denne skal utelukkande nyttast til kurs og etterutdanning. Veka kan liggja samla eller takast ut som dagar i samanheng i løpet av året. På denne måten får ein to veker 39. og 40. veka til kurs/etterutdanning/felles planlegging. Det vil bety at ein ikkje arrangerer kurs o.l. på andre dagar enn elevfrie dagar.

3. **Redusera rapportskriving o.l.** til eit minimum. Læraren si oppgåve skal i hovudsak vera undervisning, førebuing/etterarbeid (inkludert samarbeid), vurdering og møter i regi av skulen/leiar. Rektor skal ta stilling til kva for møter, undersøkingar, kampanjar o.l. som personalet på den einskilde skule skal delta i.

4. **Innføra bruk av andre ykesgrupper** i skulen, t.d. bruk av miljøterapeutar. Desse kan arbeida under andre vilkår enn pedagogane, dei kan arbeida med klasse miljø, elevar som strevar på det personlege planet (og dei er det mange av), følgje opp elevgrupper, og mykje meir. Det er viktig at pedagogane får nytta sin kompetanse der dei er best, til undervisning. Det tyder sjølv sagt ikkje at dei ikkje skal delta i andre oppgåver, men redusera arbeidsmengda. (Har svært gode erfaringar med dette på eigen skule)